

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 14/3421-10

### Klage frå Elvis-festivalen på avslag på søknad om kulturmidlar

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje til følgje klagen frå Elvis-festivalen.

#### Vedlegg:

Klage frå Elvis-festivalen, v/Helge Hjelle, dagsett 15.05.14

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Saksframlegget til sak 12/14 i hovudutvalet for kultur

Saksframlegget til sak 32/14 i hovudutvalet for kultur

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I møte 19.03.14, sak 12/14, handsama hovudutvalet for kultur 19 søknader om tilskot til festivalar, spel og arrangement. Søknadene var fordelt på ti festivalar, tre spel og seks arrangement

Den nyoppretta Elvis-festivalen i Måløy har søkt om tilskot på kr 250 000,- for å kunne ha eit økonomisk fundament å arbeide ut ifrå.

Hovudutvalet gjorde slikt vedtak i saka:

- 1 Frå teneste 7900 – kulturmidlar vert det løyvd følgjande tilskot til festivalar/spel/arrangement i 2014:

	<b>Søklar</b>	<b>Tilskot</b>
1	Stiftinga Balejazz	180 000
2	Stiftinga Gloppen musikkfest	120 000
3	Stiftinga Utkant	50 000
4	Gloppen musikkforum	20 000
5	NFU S & Fj. Fylkeslag	80 000
6	Mårenbiennalen, v/Ivar Orvedal	20 000
7	Stiftinga Målrock	50 000
	<b>SPEL</b>	

1	Gaularspelet	30 000
2	Kinn sokn	100 000
3	Losnaspelet	20 000
	<b>ARRANGEMENT</b>	
1	Lærdal kommune	50 000
2	MA Nybakks venner	30 000
3	Brått-arrangement, Hornindal	20 000
4	Musea i Sogn og Fjordane / SFKM	50 000
5	Fjord-O-Vest	50 000
	<b>SUM</b>	<b>870 000</b>

- Vilkår for utbetaling av tilskotet er at tiltaket vert gjennomført i samsvar med godkjende planar og vi har motteke naudsynte vedlegg (rekneskap/rapport).
- Det vert ikkje løyvt midlar til følgjande søknader:

1	Måløy Havfiskefestival AS
2	Elvisfestivalen
3	Aktiv Kalvåg

Elvis-festivalen har i brev av 10.04.14 og 15.05.14 klaga på avslaget, jf. vedtaket pkt. 3. Det sistnemnde brevet ligg vedlagt.

Hovudutvalet for kultur handsama klagen i møte 27.05.14, sak 32/14. Utvalet gjorde slikt vedtak:

- Klage frå Elvis-festivalen i Måløy over hovudutvalet sitt vedtak i HK-sak 12/14 vert ikkje teken til følgje.*
- Saka vert sendt fylkesutvalet som klageinstans.*

## **2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande**

I saksframlegget til hovudutvalet si sak 12/14 har fylkesdirektøren lagt til grunn at Elvis-festivalen er eit tiltak med godt inntektspotensiale. Dette er høgst usikkert. Festivalen er nyoppretta og har inga røynsle med sponsor- og publikumspotensialet. Fylkesdirektøren har såleis ikkje grunnlag for å konkludere med at festivalen har større innteningsevne enn BaleJazz, Gloppen Musikkforum og Utkantfestivalen.

Fylkesdirektøren har lagt til grunn feil faktum når det heiter i saksframlegget at kommunen ikkje er forventa å bidra med økonomisk støtte. Festivalen får samla bidrag frå Vågsøy kommune til ein verdi av kr 113 000,-.

Det er ganske utruleg at fylkeskommunen ikkje finn rom for tildeling av midlar til etablering og oppretting av ein ny musikkfestival som Elvis-festivalen. Dette er ein musikkfestival som i aller høgste grad vil gjere festivallivet i fylket meir innhaldsrikt.

Når fylkeskommunen på åttande året yter tilskot til BaleJazz og Gloppen Musikkforum, og ikkje har ei krone til ei nyetablering, bør fylkeskommunen på nytt sjå på dei prioriteringane som er gjort.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Utifrå den økonomiske ramma fylkeskommunen har til disposisjon for tilskot til festivalar, spel og arrangement<sup>i</sup>, må det gjerast stramme prioriteringar av søknadene. Fylkeskommunen legg tradisjonelt vekt på at søkjarane skal ha ein god og sunn økonomi utanom det fylkeskommunen kan bidra med.

Vidare føreset fylkeskommunen at dei aktuelle vertskommunane bidreg med støtte til arrangement i eigen kommune. Dokumentert tilskot frå vertskommunen er såleis eit vilkår for utbetaling av fylkeskommunalt tilskot.

I fylkesdirektøren sitt saksframlegg til sak 12/14 i hovudutvalet for kultur heiter det følgjande om søknaden frå Elvis-festivalen:

«Dette er ein ny musikkfestival der Elvis Presley sin musikk skal vere gjennomgåande og hovudtema. Det vert planlagt ulike arrangement på fleire ulike scener i Måløy der Elvis sin musikk skal syngast og spelast. Det skal vere konsertar med profesjonelle og lokale songarar, popgrupper, songkor og musikkorps. Festivalen er for alle aldersgrupper. Det er planlagt eit opplegg og samarbeid med MOT i Vågsøy. Arrangøren søkjer om 250 000 kr for å ha eit økonomisk "fundament" å planlegge ut frå. Fylkesdirektøren vurderer dette til å vere eit tiltak med godt inntektspotensiale. Ut frå finansieringsplanen kan vi ikkje sjå at kommunen er forventa å bidra med økonomisk støtte. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å rå til tilskot til dette tiltaket.»

I saksframlegget til klagehandsaminga i hovudutvalet, sak 32/14, går fylkesdirektøren nærmare inn på bidraget frå Vågsøy kommune:

«Det ligg føre ny opplysning om at kommunen støttar tiltaket. Denne informasjonen låg ikkje føre ved handsaming av søknaden. Det vert såleis vurderingane som ligg til grunn for avslaget som må vurderast, i tillegg til ei vurdering av om opplysninga om kommunal støtte er avgjerande for utfallet i saka.

Det er dei siste åra dukka opp mange festivalar og gode arrangement rundt omkring i fylket. Fylkesdirektøren ser dette som positivt for det samla kultur- og opplevingstilbodet i fylket. Mange store kvalitetsarrangement rundt om i fylket vert gjennomført utan fylkeskommunal/ offentleg støtte. Det viser at det også i Sogn og Fjordane er marknad for privatfinansierte tiltak.

Det er likevel slik at større aktivitet medfører større press på kulturmidlane. Ramma vi har til fordelinga har vore den same i fleire år. Prioriteringane vert difor strammare år for år. Ramma vi har til fordelinga til festivalar og arrangement er på kr 820 000<sup>ii</sup> og det er difor uråd å oppfylle søknadar om store tilskot. I tillegg er det også naudsynt å ha vurderingar rundt kva potensiale som ligg i eigen-/privatfinansiering av ulike tiltak.

Kommunal/lokal økonomisk medverknad vert lagt stor vekt på ved vurderingane av søknadane. Festivalar som får nasjonal støtte vert prioritert og følgd opp med fylkeskommunale midlar, då dette ofte er ein føresetnad for det statlege tilskotet. Det vert ved søknadsvurderingane lagt vekt på at søkjarane skal ha ein god og sunn økonomi.

Elvis-festivalen hadde i sin søknad budsjettert med billett- og salsinntekter. Sjølv om dette ikkje var konkret nemnd i saksframstillinga, var det likevel med som ein del av fylkesdirektøren si totalvurdering av søknaden som konkluderer med at Elvis-festivalen vil vere i ei gruppe festivalar der inntektspotensialet er relativt stort.

<sup>i</sup> Kr 870 000,- etter hovudutvalet sitt vedtak i sak 12/14.

<sup>ii</sup> Skal vere kr 870 000,-

Festivalar som Balejazz, Gloppen Musikkforum og Utkantfestivalen er festivalar som alle får støtte frå Norsk Kulturråd. Fylkesdirektøren ser det som viktig at festivalar som får støtte frå Norsk Kulturråd vert følgt opp regionalt. Dette sjølv om dei har sponsorstøtte og etter kvart også relativt gode billettinntekter. Både Balejazz eller Gloppen Musikkfest, som på kvar sin måte utfyller musikk-/kulturtilbodet i fylket, ville ha store utfordringar med å overleve utan offentlege tilskot.

I søknaden frå Elvis-festivalen var det budsjettert med kr 100 000 i andre tilskot utan at det var spesifisert om det var offentleg eller privat støtte. I vårt søknadsskjema ber vi om at kommunalt tilskot vert spesifisert. Etter at søknaden er handsama i hovudutvalet, er det løyvd kommunale midlar til festivalen. Det er positivt, og viser at festivalen har støtte og lokal forankring. Sjølv om kommunal støtte vert lagt stor vekt på i dei vurderingane som fylkesdirektøren gjer, er dette i seg sjølv ikkje eit argument for fylkeskommunal støtte.

Elvisfestivalen søker om kr 250 000 i fylkeskommunale midlar. Ein så stor sum er det uråd for fylkeskommunen å følgje opp. Festivalane det vert samanlikna med får nasjonal støtte og vert av den grunn prioritert med fylkeskommunale midlar.»

Fylkesrådmannen tiltrer argumentasjonen og synspunkta til fylkesdirektøren for kultur og tilrår såleis at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

Dersom klagenemnda skulle ta klagen heilt eller delvis til følgje, vert løyvinga dekt over kulturavdelinga sitt budsjett, teneste 7900.